



Gne

DIREKTORATET FOR VILT OG FERSKVANNSFISK  
FISKERIKONSULENTEN I VEST-NORGE

DISTRIKT: SUNNMØRE OG ROMSDAL, SØGN OG FJORDANE, HORDALAND OG ROGALAND  
STRANDGT. 191, 5000 BERGEN - TELEFON (05) 21 83 82

Direktoratet for vilt og  
ferskvannsfisk.  
Elgesetergt. 10.  
7000 Trondheim.

Døres ref.

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)  
81/79V/EW/uj.

Dato

30. januar 1979.

RAPPORT FRÅ KONTROLLFISKE I SPJODEVATN/MJÅVATN  
OKTOBER 1975.

Eigersund kommunale elektristietsverk fekk ved kgl.res. av 23. oktober 1953 løyve til å regulere Spjodevatnet i Grødemvassdraget og Mjåvatn i Sokndalsvassdraget for overføring til Kydlandsvatnet i Grødemvassdraget. Spjodevatnet vert oppdemt 8,5 m ved h.r.v. og Mjåvatnet 6,5 m ved h.r.v. Reguleringshøgda er 6 m.

I 1955 vart regulanten pålagt utsetjing av 10.000 yngel i quart av vatna. Pålegget har seinare vorte endra slik at det frå 1970 lydde på 1.000 fleirårig villfisk av lokal stamme til quart vatn. Frå 1971 - 73 er det sett ut tilsaman 3.050 villfisk. Sidan 1973 er det ikkje sett ut fisk i det heile.

For å kontrollere resultatet av utsetjingane og mogeleg endra pålegget frå 1970 vart det føreteke eit kontrollfiske 2. - 3. oktober 1975 av folk frå Fiskerikonsulenten i Vest-Norge saman med fiskeriteknikaren i Rogaland. Utgiftene skulle dekkast av regulanten.

Under kontrollfisket vart det nytta 8 garn (Jensen-serie) med maskevidde 12 - 30 omfar. Garna vart sette ut i sørenden.

Det vart berre fanga ein fisk på knappe 20 cm og ca 80 gram. Da fisken fall av garnet under trekking vart det ikkje vidare granska med omsyn til alder og mageinnhald.

Analyseresultatet av vassprøven er ført opp i tabellen nedanfor saman med tidlegare prøver.

	pH	Leiings- evne 18	Total hardh. mg CaO/l	Ca- hardh. mg CaO/l	Merknad
2/lo	- 75	-	47,5	4,5	1,3
18/8	- 74	4,70	49,2	3,3	- Fiskeforsk. Ås.
	- 64	4,95	-	-	C. Senstad

Vatnet har heilt sidan 1950-åra vore kjent som eit surt vatn. Leiingsevne og kalkinnhaldet er etter måten høgt, og skulle tilseie levelege vilkår for større fisk.

#### Konklusjon.

Det er vanskeleg å dra nokon vidtgåande konklusjon utav dette kontrollfisket med fangst av berre ein fisk. Sjølv om vatnet truleg er svært tynt befolka, viste dette at det er levelege vilkår for fisk i vatnet. Tala for leiingsevne og total hardheit er relativt høge samanlikna med mange andre vatn i distriktet. Arsaka kan vere sjøsprøyt. Talet for Ca-hardheit er lågt og indikrar at vatnet har lita evne til å motså påverknad av t.d. sur nedbør. pH-verdet er svært lågt.

Med utsetjing av eit tilstrekkeleg stort antall fleirårig villfisk vil det framleis vere mogeleg å driva eit visst fiske i dette reguleringsmagasinet.

*Erlend Waatevik*  
Erlend Waatevik